

**FRAMLEGG TIL FORVALTINGSPLAN FOR EIKEBAKKA  
NATURRESERVAT, SOKNDAL KOMMUNE, ROGALAND**



**Fylkesmannen i Rogaland, mai 2014**

**Alle bilde: Audun Steinnes, Fylkesmannen i Rogaland**

## **Innhold**

Forord .....	4
Naturmangfaldloven .....	6
Brukshistorie og dagens status .....	7
Verneverdiar .....	7
Trugslar mot verneverdiane .....	8
Bevaringsmål, skjøtsel og overvaking .....	8
Bevaringsmål .....	8
Skjøtsel .....	9
Overvaking og forsking .....	9
Retningsliner for brukerinteresser .....	10
Landbruk .....	10
Jakt, fangst, fiske og friluftsliv .....	10
Oppsyn og administrasjon .....	11
Grensemerking .....	11
Oppsyn .....	12
Søknader om dispensasjoner, jfr. §§ 7 og 8 i verneforskrifta .....	12
Vedlegg 1 - Framlegg til verneforskrift .....	13
Vedlegg 2 - Kart/flybilete lokalisering av opparbeidd hesteveg og område for flogefiske ..	15
Vedlegg 3 - Utdrag kartleggingsrapportar .....	16


## **Forord**

Denne forvaltningsplanen er utarbeida av Fylkesmannen i Rogaland, i samband med arbeidet med verneprosessen av Eikebakka naturreservat, Sokndal kommune, Rogaland.

Planen er utarbeida innafor dei rammer som er fastsatt i framlegg til verneforskrift, og gir nærmere retningsliner om tolking og praktisering av vernereglane . Vi syner i så måte også til retningsliner for aktuell bruk og skjøtsel, der dette er nemnt spesielt i vernereglane (§ 4 og § 10).

Forvaltningsplanen skal ikkje skjerpa eller svekka vernereglane. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande som verneforskrifta, og kan reviderast ved behov.

Som underlag for høringsprosessen vil såleis denne forenkla planen i første rekke ha høringspartane som målgruppe. Etter at verneplanprosessen er sluttført og området er verna vil forvaltningsstyremakta måtte vurdere behovet for ein revidert og utvida forvaltningsplan, med meir føringar for differensiert forvaltning, informasjon, skjøtsel og målretta bevaringsmål etter nasjonal standard.



## Naturmangfaldloven

Det følgjer av naturmangfaldloven § 7 at dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Prinsippa skal kvar for seg vurderast og vektas i samband med slik utøving av mynde, så også i samband med forvaltningsplanar.

Etter naturmangfaldloven § 8 skal beslutningar som gjeld naturmangfaldet så langt det er rimeleg bygge på vitskapeleg kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypars utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverkingar. Det skal vidare leggas vekt på kunnskap som er basert på generasjonars røynsle gjennom bruk av og samspel med naturen. Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for framlegg til vern av Eikebakka og retningslinene i forvaltningsplanen er:

- Korsmo, H. 1975 (1976): Edellauvskogsinventeringer i Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland 1975 (vedlagt utdrag)
- Prevista, rapport 2/2007: Naturfaglige registreringer av skog på Opplysningsvesenets fonds eiendommer i Nord-Norge, Trøndelag og Vestlandet. Registreringer og vurderinger av verneverdier for utvidet skogvern (vedlagt utdrag)
- Jordal, J.B & Johnsen, J.I., 2011: Supplerende kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2010. Miljørappoart nr. 1 2011. Fylkesmannen i Rogaland (vedlagt utdrag)
- Grunneiersamtale om brukshistorikk Einar Lindland (pers.med. 2014)

Fylkesmannen vurderer ut frå dette kunnskapsgrunnlaget som godt.

Fylkesmannen meiner kunnskapen som ligg til grunn for verneframlegget og retningslinene i planen er tilstrekkeleg til å vurdere verknader på naturmangfaldet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldloven § 9 vert derfor lite vektlagt.

Prinsippet i §10 i naturmangfaldloven omhandlar økosystemtilnærming og samla belasting. Vernereglane og forvaltningsplanen opnar for mindre brukstiltak, vedlikehald og skjøtsel. Døme på dette er hogst i kantsona mot dyrka mark, tradisjonelt beite, rydding i samband med flogefiske, vedlikehald av hesteveg og nedkjemping av framande artar. Fylkesmannen meiner at den samla belastinga på verneformålet vil vere liten og til dels føremålstenleg.

§ 11 seier at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshaver. Einkvar tiltakshavar er ut frå dette ansvarleg for eventuelle miljøforverringar ved eit konkret tiltak.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: For å unngå eller avgrensa skade på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikk og lokalisering, som ut frå ei samla vurdering, gjev dei beste samfunnsmessige resultata. Aktuelle tiltak i reservatet vil ha særskilte karakter og har klare rammer etter verneforskrifta og retningslinene i forvaltningsplanen.



Delar av eikeskogen i sør ber framleis preg av tidlegare tiders beitebruk.

## Brukshistorie og dagens status

I følgje privat grunneigar Einar Lindland (pers.med. 2014) er det lenge sidan ein har hatt beitedyr i området, kanskje 20 år sidan. Historisk har ein beita med både sau, ku og hest oppi åsen. Sist gikk det om lag 20 sau. Det er vanskeleg å gjerde, slik at han ikkje tenker å ha dyr med det første. Grunneigar ønskjer likevel å ha høve til tradisjonelt beite.

Det går ein kjerreveg/hesteveg opp gjennom åsen som han ønskjer å ha høve til å vedlikehalde.

Kraftline: Det gjekk nyleg ei kraftline på tvers av åsen. Denne er fjerna heilt og traseen er i ferd med å gro att.

Flogefiskeplass: Det er naudsynt å rydde vegetasjon ved einskilde strekk/faste fiskeplassar, men ikkje slik at det skadar økologisk funksjon av kantsonen langs elva.

## Verneverdiar

Vi syner til kunnskapsgrunnlaget som er referert ovanfor, sjå også vedlagte rapport-utdrag. Desse gjer greie for innhaldet i naturtype F02 Gammal fattig edellauvskog og artsmangfaldet knytt til denne.

Lokaliteten er ein gammal fattig eik-edellauvskog, mest med middelaldrande tre, og kor den nordaustre delen er meir blåbærdominert, medan resten er meir beiteprega og grasdominert med artar som gulaks, engvein, blåtopp, bråtestorr, knegras og smyle. og grasdominert.

Lokalisering nær elv og opent kulturlandskap tilseier at skogen har ein viktig funksjon som hekke- og skjulbiotop for ulike dyreartar.

Samla sett utgjer området ein rik skogstype, som elles berre finst som små areal i regionen. Element av daud ved og gamle, grove og til dels hole tre vil kunne utvikle seg til meir

naturskogprega eikeskog på litt lengre sikt. Desse elementa er særsviktige for lavflora og mose, fleire av dei er rekna som sjeldsynte og sårbare.

Art	Status raudlista 2010	Merknad
Liten praktkrinslav	VU – sårbar	Påvist sist 2010
Praktlav	VU – sårbar	Jølle -77
Pigg trollskjegg	VU – sårbar	Johnsen 1993
Eikelav	NT – nær truga	Påvist sist 2010
Norsk asal		Norsk ansvarsart

Tabellen syner raudlista eller sjeldsynte artar i Eikebakka naturreservat

Mindre område i vesthellinga har tydeleg lågurtpreg. Vegetasjonstypen lågurt-eikeskog er vurdert som nær truga. Det meste av skogen er ei friskare utforming med gaukesyre, kvitsymre, småbregner og litt hassel. Skogen går heilt ned til elva, stadvis med ein breim av svartor, med mange spor etter bever.



Kantsonar mot vassdrag har høg naturverdi og er viktige for vassmiljø. Beaver har sett spor langs heile strekket.



Det vil vere eit viktig bevaringsmål å auke mengde av daud ved, med stor verdi for planter, insekt og fugleliv.

## Trugslar mot verneverdiane

Ingen kjende akutte trugslar i dag, men moglege framtidige vil kunne vere fysiske inngrep, hogst, og framande artar.

## Bevaringsmål, skjøtsel og overvakning

### Bevaringsmål

Bevaringsmål er ønska tilstand for naturkvalitetane i eit verneområde sett ut frå verneformål og andre overordna føringar. Overordna bevaringsmål gjeld for heile reservatet, mens konkrete detaljmål skal setjast for dei viktigaste naturkvalitetane. Bevaringsmåla skal overvakast og reviderast ved behov.

Overordna bevaringsmål vil vere å ivareta verneføremålet slik det er gjort framlegg om i verneforskrifta § 1. Etter sluttført verneprosess vil forvalningsstyresmakta peika ut meir detaljerte og prioriterte bevaringsmål, tilstandsindikatorar og overvakingsmetodar.



Liten praktkrinslav er rekna som sårbar. Vart funne i området i 2010



Eikemusling er ei kjuke som er knytt til gammal eikeskog.

## Skjøtsel

Etter §9 kan forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, setta i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet i samsvar med §47 i naturmangfaldlova. Slik skjøtsel skal så langt som råd skje i god dialog og samarbeid med grunneigarar og kommune.

Fylkesmannens vurdering er at vegetasjonen i Eikebakka naturreservat skal få utvikle seg utan vesentlege menneskelege inngrep. Det er derfor førebels ikkje aktuelt med aktive skjøtselstiltak frå forvaltingsstyresmakta si side.

Det vil likevel kunne revurderast dersom det oppstår situasjonar der verdiane i reservatet står i fare for å skadast. Om framande treslag som til dømes platanlønn (som førekjem sporadisk og fáttlig) får spreia seg fritt i området, vil slike artar på sikt kunne skugge ut andre naturleg tilhøyrande treslag og påverke andre artar.

## Overvaking og forsking

**Overvaking** av verneområde skjer etter to hovedstrategiar:

- Nasjonal datainnsamling som skal sikre arealrepresentative, nasjonale (evt. regionale) målbare tal for utvikling av utvalde naturtypar. Her bestiller Miljødirektoratet opplegg og gjennomføring frå institusjonar og leverandørar med kompetanse innan forsking/overvaking.
- Lokale utfordringar i dei einskilde verneområde vert overvaka ved å etablere såkalla bevaringsmål for ulike overvakingsobjekt, til dømes heile verneområdet, einskilde naturtypar eller artar. Så vert bevaringsmåla vurdert gjennom overvaking av såkalla tilstandsvariablar (til dømes førekomst av framande artar, gjengroing, bruksform og bruksintensitet). Der naturtypar er registrert etter NiN-systemet(Artsdatabanken), held ein seg til referanseverdiar for dei aktuelle tilstandsvariablar. Grad av måloppnåing kan så leie til vidareføring eller endra forvaltingspraksis (som skjøtsel) eller revisjon av bevaringsmål.

I Eikebakka naturreservat vil det i første rekke vere aktuelt med systematisk overvaking av vegetasjonsutvikling og evt. beite, og spreiling av framande arter. Vidare vil det være aktuelt å

overvake utviklinga langs stiar som vert nytta av folk, og bestandskartlegging av truga og sjeldsynte arter.

**Forsking** skal i første rekke rettast mot innhenting av ny grunnkunnskap, men også forskingsrelaterte tema knytt til lang tids overvaking i området, med fokus på tema som skogstruktur og vegetasjonsutvikling, fugleliv, insekt og andre virvellause dyr.

## **Retningsliner for brukerinteresser**

I det følgjande vert det kort gjort greie for dei antatt viktigaste bruksinteressene, vurdert opp mot reglane i verneforskrifta.

### **Landbruk**

**Beiting med husdyr som det har vore tradisjon for på eigedommane** (verneforskrifta §4c)  
Det meste av skogen er tydeleg beiteprega ved at feltsjiktet er grasdominert, dels med smyle, gulaks og engkvein, dels med blåtopp. Dette er og tydeleg ved at einer dominerer i busksjiktet nokre få stader. Beitepåverknaden kan og ha medverka til ein meir lysopen, rein eikeskog enn tilfellet ville vore utan beiting. Det trengst meir kunnskap om tidlegare beitebruk av området, jfr. § 8 i naturmangfaldloven (NML). Det er likevel sannsynleg at verneformålet vil vera tent med eit ekstensivt beite med både storfe og sau. Endringar innan landbruket har ført til nye og større husdyrrasar og større besetningar som ikkje er tilpassa utmarksbeita på same måte som tidlegare. Bruk av dagens storferasar og hestehald kan gje stor slitasje og vil fort kome i strid med føremålet med vernet, jfr. § 9 i NML. Det bør vurderast å ta opp att tradisjonelt beite. Dette må avklarast nærmere med forvaltingsstyresmakta både når det gjeld beitetrykk, dyreslag og husdyrrasar.

### **Skjøtselhogst i kantsona mot dyrka mark ved driftsulemper, etter retningsliner i forvaltingsplan (§4-f)**

Vernegrensa er i den nordre delen trekt langs markslagsgrensa mot dyrka mark. Det er ønskeleg at skogen får utvikla seg mest mogleg fritt utan menneskeleg påverknad. Vindfall som fell inn på dyrka jord og som er til blempe for jordbruksdrifta kan fjernast utan vidare. Likeså vil greiner som veks innover dyrka mark og vanskeleggjer drift kunne fjernast. I andre konkrete tilfelle må ein ta kontakt med forvaltingsstyresmakta i forkant for ei avklaring av aktuelle tiltak i høve verneforskrift og sårbarer verdiar.

### **Jakt, fangst, fiske og friluftsliv**

Jakt, fangst, fiske og friluftsliv skal kunne fortsette som før, jf. viltlova, fiskelovgjeving og friluftslova, med dei avgrensingane som er gjort greie for i verneforskrifta §§ 3 og 5.

Fylkesmannen vil presisere at normal utøving av tradisjonelt friluftsliv er uproblematisk så lenge det skjer innanfor rammene som er sett i verneforskrifta. Eit viktig mål ved vernet er å ivareta naturverdiane i mest mogleg urørd tilstand, jfr. §10 i NML).

Fjerning av daud ved og brenning av bål er forbode etter § 3-e.

## **Tradisjonell bruk og vedlikehald av opparbeidd hesteveg etter retningsliner i forvaltingsplan (§4-e)**

Det går ein hestesti/trase frå dyrkamarka ved Sokno på 59/1 opp og sør langs åsen på 58/1 (markert i kart vedlegg 2). Vi reknar ikkje med at denne stien treng omfattande vedlikehald, bortsett frå eventuell rydding av vindfall, og fjerning av oppslag av ungtre som måtte spire i den etablerte traseen. Berre den delen av vindfallet som hindrar ferdsla langs stien kan kappast, anna del av vindfallet må liggje att. Rydding utover dette må omsøkast og skje i samråd med forvaltingsstyresmakta.

## **Rydding av ei mindre flate ved elva kartfesta i forvaltingsplanen for å gje høve til fluefiske (§4-g)**

Noko av kvaliteten med området er at skogen strekk seg heilt ned til elva. Fylkesmannen vil derfor vera restriktiv til fjerning av tre utover eksisterande opningar langs elva kor ein kan fiske frå, jfr. §§ 9 og 10 i NML. Det er eit relativt opent område langs elva like nord av gammal kraftline-trase fram til dyrka mark i nord på gnr.59/1. Dette området næraast elva kan haldast opent for fiske, ved rydding av tilvekst av ungtre. Området er nærmere kartfesta i vedlegg 2.

## **Regulering av ferdsla (§5)**

Då området er kupert og avgrensa i storleik skal all ferdsla skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon og dyreliv. Dette inneber eit forbod mot motorisert ferdsla, sykling og riding for å unngå slitasje og skade på området. utover dette vises det til § 6 i verneforskrifta som gir ytterlegare høve til motorferdsel i reservatet for særlege formål.

## **Spesifiserte dispensasjonsreglar (§7)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til mellom anna arrangement, teltleir m.m. Fylkesmannen vil ha ein restriktiv forvaltingspraksis her (§9 og 10 i NML), då verneområdet er avgrensa i storleik og tiltak/ aktivitet ofte vil vera i strid med føremålet med vernet.

## **Oppsyn og administrasjon**

### **Grensemerking**

Grensene for reservatet må etter vernevedtak målast inn og merkast i felt. Det er ikkje utarbeidd eiga grenseomtale for reservatet, men grensa er merka på vedlagt framlegg til vernekart og ortofoto, og følgjer stort sett naturlege grenseliner i terrenget. I aust er reservatet avgrensa av elva, i vest av veg og dyrka mark, i nord av dyrka mark og i sør av kyrkjegården.

## **Oppsyn**

Etter § 11 i forskrifta vil Miljødirektoratet fastsette kven som skal ha forvaltingsstyresmakta for verneområdet. Ansvaret for oppsyn ligger elles til Statens naturoppsyn (SNO), og vil elles skje konkret etter avtale med den framtidige forvalningsstyresmakta.



## **Søknader om dispensasjonar, jfr. §§ 7 og 8 i verneforskrifta**

Vi syner til framlegget til verneforskrift. Denne vil utgjere den juridiske ramma for all bruk av verneområdet, også handsaming av søknader om dispensasjonar.

Vidare gir rundskrivet *Miljødirektoratet M106-2014: Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter* konkrete føringar for tolking av verneforskrifta, og skal leggast til grunn for vurdering av søknader om dispensasjonar.

Slike søknadshandsaming vil også innebere vurdering etter nemnte §§ 8-12, jfr §7 i naturmangfaldloven.

Ein søknad om dispensasjon må gjera greie for det konkrete tiltaket, kva behov som ligg til grunn for dette, og kor tiltaket er planlagt i reservatet. Eit og same tiltak kan vere regulert over fleire avsnitt i forskrifta. Difor er det viktig å lesa verneforskrifta i samanheng.

Søkar, eller andre med rettsleg klageinteresse kan klaga på eit søknadsvedtak, jfr. forvaltningsloven. Klaga skal sendas til forvalningsstyresmakta, men stilast til Miljødirektoratet, som skal handsama klaga og fatta eit endeleg vedtak.

## **Vedlegg 1 - Framlegg til verneforskrift**

### **Forslag til verneforskrift for Eikebakka naturreservat i Sokndal kommune, i Rogaland fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon ..... med heimel i ”Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold” (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 1. Føremål**

Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit skogsområde med gammal, fattig, men noko beitepåverka eikeskog med alt naturleg plante- og dyreliv og dei naturlege økologiske prosessane i området. Skogen har vesentleg meir daud ved og er eldre enn det som er vanleg i eikeskogane i Dalane og er leveområde for fleire sjeldsynte lavartar. Det er derfor viktig at tresjiktet får utvikla seg vidare med eit auka innslag av store eiker og daud ved.

#### **§ 2. Geografisk avgrensing**

Naturreservatet gjeld gnr. 58 bnr. 1 og gnr. 59 bnr. 1 i Sokndal kommune.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 115 dekar landareal.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:.... datert Miljøverndepartementet .... . Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkjast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Sokndal kommune, hjå Fylkesmannen i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet. Det same gjeld jordskiftekartet som vert laga etter grensemerking.

#### **§ 3. Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjøre noko som reduserer verneverdiane gjevne i føremålet med vernet.

For naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

a) Vegetasjonen, medrekna daude busker og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller delar av desse frå naturreservatet.

Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.

b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødvendig forstyrring. Utsetjing av dyr er forbode.

c) Området er verna mot eitkvarf tiltak som kan endra naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, plassering av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømande.

d) Bruk av naturreservatet til teltleifar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

e) Bålbrenning er forbode

#### **§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

a) Sanking av bær og matsopp.

- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Beiting med husdyr som det har vore tradisjon for på eigedommane.
- d) Vedlikehald av bygninger, anlegg og innretningar, slik dei er på vernetidspunktet
- e) Tradisjonell bruk og vedlikehald av opparbeid hesteveg etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- f) Skjøtselshogst i kantsona mot dyrka mark ved driftsulemper, etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- g) Rydding av ei mindre flate ved elva kartfesta i forvaltningsplanen for å gje hove til fluefiske.

## **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

For naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel til lands og på vatn er forbode medrekna start og landing av luftfartøy.
- b) Bruk av sykkel og riding er forbode.

## **§ 6. Generelle unntak frå ferdelsreglane**

Reglane om ferdsel i § 5 er ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksemeld og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemeld, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemeld.

## **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til:

- a) Avgrensa bruk av reservatet i samband med arrangement nemnde i § 3 d
- b) Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- c) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk i samsvar med gjeldande lovverk.

## **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskriftena dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

## **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setta i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet i samsvar med §47 i naturmangfaldlova.

## **§ 10. Forvaltningsplan**

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning og skjøtsel av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalda nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.


## **§ 11. Forvaltningsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltningsstyresmakta etter denne forskriftena.

## **§ 12. Iverksetting**

Denne forskriftena trer i kraft straks.

## Vedlegg 2 - Kart/flybilete lokalisering av opparbeidd hesteveg og område for flogefiske



## Vedlegg 3 - Utdrag kartleggingsrapportar

### Harald Korsmo 1975: Edellauvskogsregisteringar

- 54 -

Lathyrus vernus (!), Polygonatum verticillatum, Polystichum braunii,  
Scrophularia nodosa og Vicia silvatica.

Et forhold en her legger merke til er at samfunnet har etablert seg i en Ø - NØ- lig eksposisjon med skygge den tid på dagen temperaturen er på sitt høyeste.

#### Verneforslag og eierforhold

Lokaliteten bør avgrenses med buffersonne i N og S. Grunnen  
tilhører 208/3,4,5.

#### ROGALAND FYLKE

SOKNDAL ÅMOT IK 426 709 \*\* SOKNDAL 1311 IV

#### Beliggenhet, størrelse

Lokaliteten ligger på vest-siden av Sokndalselva i en NØ-Ø- lig helling ca. 1 km ØNØ for Hauge sentrum. Arealet utgjør ca. 35 dekar og høyden over havet er fra ca. 20 - 60 m. Fig. 24.

#### Undersøkelse, materiale

Edellauvskogen er foreslått vurdert av skogreisningsleder Ivar S.Ollestad i brev til Rogaland fylkesskogkontor 18/6-1975. Bestandet ble befart 29/9 sammen med herredsskogmester P.Ramse og inventert samme dag.

#### Omgivelse og berggrunnsforhold

Bestandet grenser til en kraftoverføringslinje i N , til Sokndalselva i Ø og er ellers omgitt av eikeskog og beitemark. Berggrunnen består av Noritt.

#### Bestandsbeskrivelse med vegetasjon og flora etc.

Middelaldrende skog av typen Populo - Quercetum der Populus tremula er holdt nede ved hogster. I SØ får skogen en rikere utforming der Corylus avellana setter preg på et busk- og undertræsjikt. Denne delen utgjør en rikere overgangstype som peker i retning av Melico - Quercetum. Langs elva opptrer det et strand-skogfragment med Alnus glutinosa.





Fig. 24. Oversiktskart med verneforslag. Etter økonomisk kart Lindland AQ 099-5-3. Foreløpig utgave.



Trærnes dimensjoner går hovedsakelig fra 100 - 600 l. Dele av området er ganske tett bestokket. Langs ryggen av åsen i V vokser Betula pubescens isprengt. Trehøyden er her ganske kort og formen er relativt dårlig, særlig øverst i bestandet.

Buskjiktet består forøvrig av litt Juniperus communis. I nedre halvdel av området har en også innslag av P. tremula.

Feltsjiktet er tydelig beitepreget og rikt på moser foruten gras som Agrostis spp. og Molinia caerulea. Her finner en også mindre utforminger med henholdsvis Dryopteris phlegopteris, D. linnaeana og Pteridium aquilinum. På stenblokker i SØ vokser et tett belegg med Polypodium vulgare sammen med Lonicera periclymenum.

Bestandet viser først og fremst kulturpåvirkningen i en oseanisk eikeskog, og vil først og fremst ha verneinteresse slik det ligger i dag. Av landskapsestetiske hensyn bør eikeskogen også opprettholdes. Forstlig sett kan bestandet få et bedre utseende ved regelmessig skjøtsel som tar sikte på å utvikle pene dimensjoner og opprettholde et sluttet tresjikt. Beitingen har medført husdyrtråkk langs med lia flere steder. Her finner en i dag en gammel kjerrevei.

#### Verenforslag og eierforhold.

Fig. 24 viser forslag til avgrensning. Grunnen tilknyttes 58/t. Det er ikke foreslått noen buffersone.

## Sokndal prestegård

\*\*

### Referansedata

Fylke:	Rogaland	Prosjektilhørighet:	OVF 2006
Kommune:	Sokndal	Inventør:	Rune Groven
H.o.h.:	25-60 moh.	Dato feltregistreg.:	15. november 2006
Vegetasjonssone:	Boreonemoral	Areal:	88 daa
Vegetasjonssekksjon:	O2 Klart oceanisk		

### Sammendrag

Verneforslaget består av en liten kolle med lågurtekeskog rett nord for Sokndal kirke og avgrenses av innmark i vest og elv i vest. Skogen i området domineres av eldre, rik lågurtekeskog og med elketrær på 30-40 cm i diameter og en alder på anslagsvis 70-100 år. I nordvest er det partier med yngre skog av elk, or og selje med hassel i busksjiktet. Grøvre eikar finnes allikevel spredt også her. Ned mot elva er det inkludert et mindre parti med yngre lauvskog (elk, bjørk or og hassel). Også her er det spredt med grove eldre elketrær, noen med store kroner. Det er spredt med liggende død ved av elk i området. Det er ingen hogstspor i området, men området har trolig vært brukt til beite tidligere og beites trolig fortsatt.

Lågurtekeskog er en prioritert skogtype for vern i boreonemoral vegetasjonssone. (Framstad m.fl. 2003). Området vil bidra med et lite areal, hvorav noe består av yngre skog. Skogen har et klart kulturpreg, og miljøkvaliteter som svært gamle og grove trær, hule trær og stående og liggende død ved er det lite av i dag. På sikt er dette kvaliteter som vil dannes relativt raskt på så produktiv mark og noe død ved forekommer allerede. Området er lite og arealet ligger under gjennomsnittet for edellauvskogreservater i fylket. Eldre lågurtekeskog i dette landskapet vil generelt ikke dekke store sammenhengende arealer på grunn av topografi og påvirkning fra jordbruk og skogbruk og områdets størrelse bør vurderes i denne sammenhengen. Området vurderes som regionalt verneverdig (\*\*).

### Feltarbeid

Tidsforbruk: 3 timer

Feltarbeidet ble utført i november og vegetasjonsbeskrivelsen baserer seg derfor delvis på tidligere registreringer (Heggland & Lie 2003).

### Utvelgelse av undersøkelsesområde

Undersøkelsesområdet utgjør i hovedsak et område registrert som nøkkelbiotop (verdi A). Beskrivelsen av biotopen finnes under "kjerneområder". Viktigste verdier er rik, og gammel, grovvokst elkeskog med variert levflora på trærne.

### Tidligere undersøkelser

Det er gjennomført nøkkelbiotopregistreringer på eiendommen (Heggland & Lie 2003)

### Belliggenhet

Kolle rett nord for Sokndal kirke

### Naturgrunnlag

#### Topografi

Nord-sørgående kolle som avgrenses av innmark i øst og elv i vest.

#### Geologi

Mangeritt til gabbro, gnais og amfibolitt.

#### Vegetasjonsgeografi

Vegetasjonszone: Boreonemoral

Vegetasjonseksjon: O2 Klart øceanisk

Klima

Årsnedbør: 1675 mm

Middeltemperatur: 6,8°C

Målestasjon: Sokndal – Hauge (15 moh.)

### Vegetasjon og treslagsfordeling

Lågurt-eikeskog dominerer i største delen av området. På toppen av kollen er det mindre partier med noe fattigere vegetasjon der det stedsvis er berg i dagen. Største delen av området består av nesten ren eikeskog. På østsiden ned mot innmarka er skogen yngre og tettere eikeskog med mye hassel i busksjiktet og innslag av blant annet lønn. Ned mot elva i vest er det inkludert et mindre parti med yngre blandingsskog av eik og bjerk med hassel i busksjiktet.

### Skogstruktur og påvirkning

**Alder:** Eldre eikeskog med diameter på 30-40 cm og en alder på anslagsvis 70-100 år dominerer i området, men enkelte grøvere eikar over 50 cm finnes spredt. Mye av den eldre eikeskogen på toppen og på østsiden av kollen er høystammet og åpen, uten busksjikt. I nordvest er det partier med yngre skog av eik, or og sjølje med hassel i lauvskog (eik, bjerk og hassel). Også her er det spredt med grove eldre eiketrær, noen med store kroner ned mot elva.

**Død ved:** Det er spredt med liggende død ved av eik i området i tidlige og midlere nedbryningsstadier.

**Hogstspor:** Det er ingen hogstspor i området, men området har vært brukt til beite tidligere og betes trolig fortsatt. Skogen ned mot elva på østsiden og ned mot jordet på vestsiden er yngre og er resultat av en hogst eller gjengroing av åpnere skog.

**Tekniske inngrep:** Det går en traktorvei/sti langs elva i vest.

### Kjerneområder

Kjerneområder i undersøkelsesområdet er beskrevet nedenfor. Referanse er oppgitt hvis beskrivelsen av kjerneområdet stammer fra tidligere naturtyperegistreringer eller nøkkelbiotopregistreringer. Supplerende eller ny beskrivelse er angitt med 'Beskrivelse 2007'. Nummerering henviser til kartet i denne rapporten. Område ID fra eventuelle tidligere registreringer er også oppgitt. Kriterier og verdsetting er angitt i for hvert kjerneområde. (0): Verdien av kriteriet er fraværende/ubetydelig. (-): Ikke relevant. Se metodekapittel for kriterier for stjernesetting. Artsregisteringer i kjerneområdene presenteres i en tabell for hvert kjerneområde. Arstall for artsfunn er angitt for data fra tidligere registreringer eller som 2006 eller 2007 for nye funn.

#### 1 Eikedal

Naturtype: Rik edellaувskog

Höh: 25-60 moh.

BMVERDI: B

Gammel ID: AN31 Eikedal/Skitmyr

Areal: 43 daa

Heggland og Lie (2003): Markant kolle med gammel, grovvokst lågurt-eikeskog med vivendei og hassel, partier med rikere karplanteflora. Rik lavflora på de gamle eiketrærne. Mer småvokst eikeskog ned mot elva. Artsfunn: Kranskonvall, skogsvingel, myrte, fingerstarr, skogvikke.

Beskrivelse 2007: Avgrensningen av kjerneområdet følger den gamle nøkkelbiotopgrensen. Dette kjerneområdet fanger opp den eldste og rikeste rene eikeskogen. Det er imidlertid en gradvis overgang til både rik og yngre blandingsskog og til noe fattigere og eldre eikeskog utenfor kjerneområdet.

Kjerne-områdenr	Uræthet	Dødvædmengde	Dødvædkont.	Gamle bartrær	Gamle løvtrær	Gamle edelløvtrær	Treslagsfordeling	Variasjon	Rikhet	Arter	Samlet verdi
1	**	*	*	0	*	*	**	**	***	*	**

Vitenskapelig navn	Norsk navn	Rødliste status	Totalt ant. av art	Ar
<i>Evernia prunastri</i>	Bleikløfs	-	-	2002
<i>Cladonia squamosa</i>	Fnaelav	-	-	2002
<i>Peltigera praetextata</i>	Skjellnever	-	-	2002
<i>Phaeophorus globosus</i>	Brun koralllav	-	-	2002
<i>Silcia sylvatica</i>	Bukiporelav	-	-	2002

## Avgrensning og arrondering

Verneforslaget avgrenses av elendomsgrense i nordøst, vei og innmark i vest, elva i øst og parkeringsplass/kirkegård i sør. Skogen ned mot elva i øst og mot innmark i vest er generelt noe yngre, men med rik vegetasjon med mye hassel og innslag av blå, lønn. Med tanke på eventuelt et eventuelt vern vil det være naturlig å inkludere disse områdene i arronderingen. Ned mot elva er det flere grove elker med store kroner. Eldre eikeskog i syd på kollen er også tatt med i avgrensningen.

## Vurdering og verdsetting

Representativitet: Området representerer en rik skogtype som dekker relativt små arealer i regionen og på nasjonalt nivå. Slik området framstår i dag har store deler et klart kulturmønster som man kan velge å opprettholde gjennom skjæring. Spredte elementer som død ved og gamle, grove trær finnes og området vil også kunne utvikle elementer knyttet til mer naturskogpreget eikeskog på litt lengre sikt.

Sleidenhetsverdi: Området har et klart kulturmønster, men i skogen er relativt gammel og har trolig ikke vært avvirket mye på flere tiår.

Sjeldne veg. typer: Vegetasjonstypen lågurt-eikeskog er vurdert som noe truet (VU) (Fremstad og Moen 2001)

Sterrelse: Området er lite, og arealet ligger under gjennomsnittet for edelløvskogreservater i fylket. Eldre lågurt-eikeskog i dette landskapet vil generelt ikke dekke store sammenhengende arealer på grunn av topografi og påvirkning fra jordbruk og skogbruk og områdets sterrelse bør vurderes i denne sammenhengen.

Mangler ved skogvernet: Lågurt-eikeskog er en prioritert skogtype for vern i boreområdets vegetasjonssone. (Fremstad m.fl. 2003). Området vil bidra med et lite areal, hvorav noe består av yngre skog. Området har et klart kulturmønster, og miljekvaliteter som svært ganske og grove trær, hule trær og stående og liggende død ved er det lite av i dag. På sikt er dette kvaliteter som vil dannes relativt raskt på så produktiv mark, og noe død ved forekommer allerede. Området vurderes som regionalt verneverdig (\*\*).

Tabell: Kriterier og verdsetting for hele området (jf. 'Verneforslag' på kart). (0): Verdien av kriteriet er truende/ubetydelig; (-): ikke relevant. Se metodekapitlet for kriterier for verdsettning.

	Urslett	Dedværdi	Dedværdi	Gamle	Gamle	Treleddes-	Varle-	Rik-	Årslag	Stør-	Arron-	Samlet
	mengde	mengde	tsort.	bærtre	lev-	fordeling	sjon	het		sise	dering	verdi
Totalt	**	*	0	0	*	*	**	**	***	*	*	**

## Referanser

- Direktoratet for naturforvaltning 2006. Kartlegging av naturtyper - Verdsettning av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2.utgave 2006. 258 s.
- Fremstad, E., Økland, B., Bendiksen, E., Bakkestuen, V., Blom, H. & Brandrud, T. E. 2002. Evaluering av skogvernet. NINA Fagrapport 54. 146 s.
- Fremstad, E., Økland, B., Bendiksen, E., Bakkestuen, V., Blom, H. & Brandrud, T. E. 2003. Liste over prioriterte mangler ved skogvernet. NINA Oppdragsmelding 769. 9 s.
- Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. Rapport botanisk serie 2001-4. NTNU Vitenskapsmuseet. 231 s.
- Heggland, A. & Lie, A. 2003. Kartlegging av biologisk viktige områder på OfV Sørlandet sine arealer. Siste Sjanse - rapport 2003-2.
- Kålås, J.A., Viken, Å. og Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødlisliste 2006. Artsdatabanken, Norge.
- Meteorologisk institutt 2007. Klimastatistikk Norge: <http://met.no/observasjoner/index.html>
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- NGU 2007a. Berggrunnen i Norge N250: [www.ngu.no/kart/bg250/](http://www.ngu.no/kart/bg250/)
- NGU 2007b. Kvartergeologisk kart: [www.ngu.no/kart/locmasse/](http://www.ngu.no/kart/locmasse/)

## Fylkesmannen i Rogaland 2010: Supplerande kartlegging

### 27 Eik

**Naturbase-nummer:** BN00039837 Frøyland

**Posisjon:** LK 424 706

**Naturtype:** F02 gammal fattig edellauvskog

**Utfoming:**

**Verdi:** A(svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, hogst, treslagskifte

**Undersøkt/kjelder:** 29.09.1975, Harald Korsmo (1976), 26.08.2010, JIJ & AS

**Siste feltsjekk:** 26.08.2010

#### Områdeskildring

**Innleiing:** Skildringa er skriven av Audun Steinnes og John Inge Johnsen i desember 2010, basert på eige feltarbeid 26.08.2010.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på ein ås ved Åmot, rett nord for Eikedal kyrkjegard. Han er i aust avgrensa av elva, i vest av ein veg og dyrka mark, i nord av dyrka mark og i sør av kyrkjegarden mm. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særslig god. Berggrunnen består av leuconoritt. Lausmassane består dels av rasmateriale, og dels av morene. Austsida er ei jamn, lausmassedekka helling som vender svakt nordleg, medan vestsida har ein meir oppbroten topografi. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h, men nær grensa til O2).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er ein gammal fattig edellauvskog av utforminga eikeskog, mest med middelaldrande tre, men med nokre få store, og dels hole eiker. Den nordaustre delen er blåbærdominert, medan resten er meir beiteprega og grasdominert med artar som gulaks, engkvein, blåtopp, bråtestorr, knegras og smyle.

Marimjelle og einstape er vanlege, typiske er vivendel, blåmose og liljekonvall. Det meste av skogen er ei friskare utforming med gaukesyre, kvitsymre, småbregner og litt hassel. Dei mest nordvende delane av skogen, m.a. i søraust, har moseinnslag typisk for nordvende skogar som *Bazzania trilobata* storstyle og *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose. I større delar av skogen, særleg i søraust, er det innslag av lækjeveronika, tviskjeggveronika, svæve (Vulgata-gr.), blåklokke, revebjølle og krattlodnegras, dette kan tyda på betre næringsstatus og tydeleg beitepåverknad. Mindre område i vesthellinga har tydelegare lågurtpreg med større innslag av hassel, og artar som lundrapp, skogsål, knollerteknapp, ormetelg, skogfiol, fagerperikum, jonsokkoll, *Atrichium undulatum* stortaggmose og *Plagiothecium curvifolium* klojamnemose. Skogen går heilt til elva, stadvis med ein brem av svartor med fredlaus og med mange spor etter beververksemrd.

**Artsmangfald:** Av karplanteartar kan elles nemnast m.a. kystgrisøyre og norsk asal. Av lav vart det funne *Flavoparmelia caperata* eikelav (2006 & 2010: NT), *Parmotrema chinense* liten praktkrinslav (2006 & 2010: VU), *Hypotrichyna revoluta* orelav, *Cetrelia olivetorum* praktlav (Jølle i 1977 herb.O) (VU), *Bryoria smithii* piggtrollskjegg (VU) (Johnsen 1993, herb.O, BG) Av mosar kan nemnast *Hylocomiastrum umbratum* skuggehusemose, *Orthotrichum pulchellum* vribustehette, *Orthotrichum striatum* tønnebustehette og *Paraleucobryum longifolium* sigdnervemose.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten har vore kulturpåverka ved beiting og hogst gjennom lang tid Noko daud ved og nokre få store eiker, to av dei innhole. **Framande artar:** Ingen observerte artar. **Skjøtsel og omsyn:** Fysiske inngrep og treslagskifte bør unngåast.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er eit viktig element i eit roleg og etter måten skogrikt låglandslandskap med vassdrag der det er vesentleg mindre inngrep og påverknad frå intensivt landbruk enn vanleg i Rogaland.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein gammal fattig edellauvskog i eit heilskapleg låglandslandskap ved vassdrag med ein del daud ved, nokre store, hole eiker og fleire raudlista lav, tre av dei sårbare. Regionalt er større, intakte eikelokalitetar som denne uvanlege

